

TPS-arbeidsgruppa i UH-nett Vest

Sluttrapport Pilot 1

Nettbasert tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest

«TPS i Vest»

Utarbeidd av TPS-arbeidsgruppa:

Bente Hasle,	HVO
Sissel Johansson Brenna,	HVL
Irene Aasen Andersen,	HVL
Unni Uren Aasen	HVL
Anders Bærheim,	UiB
Ingunn Aase,	UiS
Rutt Bengtsson,	UiS

Innhold

Samandrag.....	3
Erfaringar etter gjennomført pilot emne 1 i TPS i Vest.....	4
Førebuingar	4
Invitasjon til deltaking i piloten	4
Gruppeetablering	5
Gjennomføring av nettmøta.....	5
Digitale programvarer	5
Adobe Connect	5
Open nettside	6
Office 365	6
Videocase som oppgåve	6
Opplegget	7
Evaluering.....	7
Teknisk.....	7
Studentkontakt.....	7
Fagleg innhald	8
Gruppedynamikk.....	8
Piloten viser oss.....	10
Vegen vidare – Pilot 2.....	10
Vidareføring av Emne 1	10
Utvikling av Emne 2	11
Etiske utfordringar ved tverrprofesjonell samhandling	12
Budsjettforslag	15
Budsjett for Pilot 2: Oppskalert Emne 1 og Utvikling og utprøving av Emne 2.....	15
Avslutning.....	15

Samandrag

Piloten «Tverrprofesjonelt samarbeid i UH-nett Vest – emne 1» blei gjennomført med 8 grupper a 6-7 studentar (totalt 50 studentar), i perioden 17.10 til 25.11.2016. I tråd med planen for emnet blei det gjennomført 2 nettmøter med fasilitator i kvar gruppe. Studentane jobba individuelt mellom møta – etter det andre møtet skreiv dei ei gruppeoppgåve på sjølvvalt samskrivingsplattform. Ein del av oppgåva var ei evaluering av piloten. Studentkommentarar er lagt inn i denne rapporten.

Prosjektgruppa, som sjølv gjekk inn som gruppeleiarar/fasilitatorar, hadde ein felles logg på Office 365 der alle skreiv inn erfaringar frå sine grupper fortløpande. Kommentrar frå loggen er også lagt inn i rapporten. Rapporten har såleis synspunkt og erfaringar både frå studentar og lærarar.¹ Den største utfordringa var å etablere kontakt med studentane som hadde meldt si interesse.

Fasilitatorane nådde ikkje fram med informasjon på epost og alle måtte skaffe fram studentane sine mobilnummer og sende melding for å få realisert møta. Teknikken knytt til bruk av Adobe Connect var mindre utfordrande enn forventa, det same gjaldt kommunikasjonen under møta. Dette meiner prosjektgruppa skyldes grundig opplæring med omfattande praktisk trening av oss på førehand. Me støytte på noko kommunikasjonsproblem under møta relatert til studentar sin internett-tilgang. Læringsmateriellet som vart utvikla til emnet vart godt motteke. Videoen hadde den ønska funksjonen ved å peike på sentrale utfordringar i tverrprofesjonelt samarbeid og stimulerte til gode drøftingar i gruppene. Både studentar og fasilitatorar ynskjer at det for framtida vert krav om 3 nettmøter for at deltakarane skal verte betre kjent med kvarandre og for at samhandlingsprosessen skal få større plass enn produktet (oppgåva) dei skal levere.

Like før jul 2016 fekk prosjektgruppa melding om at prosjektleiar Gerd Bjørke hadde gått bort etter eit kort sjukeleie. Prosjektgruppa valde å fullføre arbeidet i fellesskap utan å be om at det vart oppnemnd ny prosjektleiar.

Prosjektgruppa vil tilrå at TPS i Vest vidareførast og vidareutviklast til Pilot 2 etter følgande plan:

1: Emne 1 (med nokre justeringar i pensum og oppgåveformuleringar) vert gjennomført med 24 nettgrupper, primært 1.års studentar, våren 2018. Me vil då få nødvendig erfaring med logistikken med eit større antal grupper og rekruttering og opplæring av fleire fasilitatorar.

2: Emne 2 vert gjennomført som ny pilot med 8 grupper, primært 2.års studentar og gjerne dei som var med på pilot 1, hausten 2017. Me får då utvikla og hausta erfaring med læringsmaterieill til dette emnet om etiske utfordringar i tverrprofesjonelt samarbeid. Fasilitatorane frå pilot 1 er villige til å vere fasilitatorar på desse gruppene.

Prosjektgruppa er villige til å fortsette som arbeidsgruppe med følgande organisering: Unni Uren Aasen (HVL) vert prosjektleiar med Sissel Johansson Brenna (HVL) og Bente Hasle (HVO) som prosjektmedarbeidarar. Resten av prosjektgruppa vil fortsette å spele ei sentral rolle som arbeids- og fasilitatorgruppe med tett oppfølging av prosjektleiinga.

¹ Det vart laga og sendt ut ei elektronisk spørjeskjemaundersøking. Svarprosenten var berre på 28 %. Den er difor ikkje inkludert i evalueringa.

Erfaringar etter gjennomført pilot emne 1 i TPS i Vest

Førebuingar

Prosjektgruppa for TPS i Vest er satt saman av deltakar frå kvar institusjon i nettverket (ved UiS med ein frå kvar av institutta og ved HiSF ein frå kvar campus, Sogndal og Førde). Gruppa har kartlagt moglegheitene for tverrprofesjonell samarbeidslæring ansikt-til-ansikt i praksisperiodane for studentane i UH-nett Vest og konkludert med at det berre er mogleg å realisere for eit mindretal av studentane («Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest» av 20.mars 2015).

I rapporten frå gruppa vart det skissert eit opplegg for nettbasert TPS som kan nå heile UH-nett Vest og det vart tilråda å gjennomføre ein pilot for å utvikle læringsmateriell og gjere erfaringar med tverrprofesjonelle studentgrupper som berre skulle samhandle digitalt («Prosjektplan for nettbasert Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest», 12.januar 2016).

Styret for UH-nett Vest gav klarsignal for oppstarting av ein nedskalert pilot i 3.mars 2016. Antal studentar skulle reduserast og piloten skulle gjennomførast allereie hausten 2016. Dette innebar at dei fleste deltakarane var studentar i sitt 1.semester medan planen for TPS i Vest legg opp til at opplegget skal starte med emne 1 i 2.semester. Planen for piloten vart justert og prosjektgruppedeltakarane bestemte seg for å gå inn som fasilitatorar. Me hadde fleire utfordringar: Teknikken måtte virke, me skulle sikre at alle studentane kom seg vel på plass i gruppemøta, at dei vart introduserte til kvarandre, at me fekk til faglege diskusjonar som skulle gi læring om tverrprofesjonelt samarbeid, bli kjende med ulike yrkesgrupper sin kompetanse og erfare samarbeid. Alle desse momenta inngår som læringsutbytte for emne 1 «Kva er tverrprofesjonell samhandling?» («TPS i Vest - Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest,» 2016). Vi starta med å rekruttere studentar til å vere med på piloten.

Invitasjon til deltaking i piloten

Kvar prosjektgruppedeltakar tok ansvar for å invitere inn studentar til å delta i piloten frå eigen institusjon. Dette vart gjort ved studiestart. Me laga eit felles invitasjonsskriv og ved dei fleste institusjonane vart det orientert om opplegget i fellesmøter med studentane. Det var stor interesse blant studentane og fleire vart skuffa over at dei ikkje vart valt ut.

Ved HiB hadde dei vald å ta med to av gruppene frå «Fellesemnene», som starta opp samtidig med at me starta opp piloten. Dette var gunstig. Her var det allereie etablert tverrprofesjonelle studentgrupper og faste opplegg. Studentane frå HiB vart fordelt som «kjernen» i dei nye nettgruppene og hadde fritak for deltaking i «Fellesemnene» ved eigen campus den fyrste veka. Studentane frå campus Førde fekk fritak frå eit arbeidskrav i praksis og tidsbruk vart inkludert i praksistimetallet. Studentane frå dei andre universiteta og høgskulane hadde deltaking i piloten som frivillig kurs. Alle som hadde gjennomført, fekk kursbevis (Sjå vedlegg). Nokre av studentane frå HiB hadde ikkje fått med seg informasjonen om dette, nokre hadde ikkje oppfatta at dei var tatt ut til å delta i piloten, og me brukte litt tid på «å hente dei inn». Her har me forbettringspotensial når det gjeld informasjon i forhold til ny pilot med blandinga av frivillig og obligatorisk deltaking fram til TPS i

Vest er fullt innarbeidd. Vi vurderer det til at informasjonsarbeidet vil lette når alle studentane i eit kull gjennomfører same opplegg.

Gruppeetablering

Piloten har hatt med 50 studentar, fordelt på åtte grupper, med 6-7 studentar i kvar gruppe. I planen for piloten opererte me med grupper på 8 studentar. På bakgrunn av omfattande erfaring med eigne gruppemøter i Adobe Connect for fasilitatorene, bestemte me at så store grupper ikkje var tenleg når målsettinga var læring gjennom gode gruppeprosessar. Gruppeinndelinga vart gjort manuelt og me har såleis ikkje gjort oss erfaringar med gruppeinndeling på tvers av institusjonane via verktøya i FS slik mellom anna IT-kontoret ved HSH hevder skal vere enkelt.

Me erfarte at det var nødvendig at kvar gruppeleiar tok kontakt med alle studentane i si gruppe i forkant, for å sikre at dei hadde mottatt nødvendig informasjon. Dette kravde at me hadde epostadresse og mobil nr. til alle studentane, og aller helst privat epost-adresse. Ved HiB, t.d. er det innarbeidd rutine at studentane får all informasjon via It's learning. Det er berre sporadisk at dei les sine «...@stud.hib.no» adresser. Dette opplevde vi også var tilfelle ved dei andre institusjonane.

Gjennomføring av nettmøta

Den direkte kontakten pr mail, eller primært sms, mellom fasilitator og kvar einskild student var viktig for å sikre eit grunnlag for gruppefelleskapet. For nokre grupper var det krevjande å finne tidspunkt for at dei tverrprofesjonelle studentgruppene kunne møtast, sjølv når møta var digitale.

Erfaringa har vist oss at det er viktig å legge ein plan for nettmøta så tidleg som råd. I følge planen for piloten skulle møta vare omlag 1 time med 8 deltakarar. Me erfarte at sjølv med 6 studentar i kvar gruppe, gav dette for lite tid til drøftingar når alle skulle koma til orde.

Digitale programvarer

Adobe Connect

Prosjektgruppa prøvde sjølv ut Skype og Skype for business som møterom med ein del problem. Studentar har ikkje tilgang til Skype for business ved fleire av institusjonane. Me valde derfor å bruke å bruke Adobe Connect for nettmøta. Alle fasilitatorane fekk opplæring i bruk av dette verktøyet av Rune Mo (HVO) på ei samling for prosjektgruppa 25.-26. august 2016. Fasilitatorane oppretta sine eigne rom og kunne då sende ut ei lenke til deltakarane før møtet, og kvar enkelt kunne logge seg inn på avtalt tidspunkt. Studentane trengde dermed ikkje særskild programvare. På førehand hadde me informert studentane om at dei måtte ha datamaskin med kamera og hovudtelefonar. Dei fleste hadde nødvendig utstyr; i alle fall frå det andre møtet.

Eitt problem var likevel at HiB ikkje har teke i bruk Adobe Connect. Dette førte til at når gruppeleiaren frå HiB skulle ha si gruppe, så måtte ho bruke eit rom som var oppretta av ein av dei andre, gå inn i dette rommet via lenke som var tilsendt, så få «vert»-rettigheter, for deretter å kunne ta over og lose sine studentar på plass. Dette antar gruppa vil vera løyst når HiB no er ein del av HVL.

Fleire studentar undra seg over at vi ikkje brukte Skype til nettmøta, sidan det er meir vanleg i dagleg bruk. Dette krev imidlertid at alle har Skype installert på si maskin. Abode Connect fungerte tilfredsstillande for alle gruppene.

Open nettside

Me oppretta ei open nettside for piloten, ei wordpress-fil, lokalisert på serveren ved HSH. Sjå <http://prosjektsider.hsh.no/tpsvest/>

Me fekk hjelp av webutviklar Terje Rudi, HSH til å leggje inn logo/lenker til alle institusjonane i UH-nett Vest, og til å få på plass forsidebilete. Her la vi ut all informasjon som var nødvendig i piloten, læringsressursar og lenke til kvart sitt lukka grupperom i Office 365. Vi ser at det må gjerast nokre justeringar i korleis denne sida er sett opp for å gjere den meir funksjonell for studentane.

Office 365

For tilgang til grupperomma i Office 365 måtte den enkelte deltakar vera lagt inn med epostadresse, og ved pålogging så bli overført til sin konto ved sin eigen institusjon. IT-lærling Torgeir Aarbakke, HSH, gjorde alt arbeidet med å leggje inn deltakarane i Office 365. Her møtte me på problem ved t.d. unøyaktighet i epost-adresser som var gitt, eller at enkelte opererte med fleire epost-adresser, og logga seg på med feil adresse.

Office 365 gir høve til samskriving, og me hadde ein intensjon om at studentane skulle bruke dette i forbindelse med felles gruppenotat for innlevering. Det har dei i liten grad ynskt. Mange er meir vane med å bruke Google Docs. Me har overlete til gruppene å velje programvare og det har fungert problemfritt.

Me oppretta også eit lukka prosjektgrupperom, som har vore nyttig for å samle all skriftleg informasjon i prosjektgruppa på ein plass. Her hadde me også ei fil for loggføring av undervegs-erfaringar, der kvar enkelt har skrive inn fortløpande.²

Videocase som oppgåve

Me har produsert eit videocase som illustrasjon på eit samarbeidsmøte. Dette har fungert som oppgåve og utgangspunkt for gruppediskusjonane om temaet «Kva er tverrprofesjonell samhandling?» Plottet og manus vart utarbeidd av HVO, grundig drøfta og rollespelt i prosjektgruppa før filminga vart gjort av firmaet Oclin i Volda med lokale frivillige skodespelarar. Videoen ligg fritt tilgjengeleg på den opne nettsida for piloten.

Som basislitteratur har me lagt ut to kapittel frå boka «Tverrprofesjonelt samarbeid – et samfunnsoppdrag» (Willumsen og Ødegård, 2016) på nettsida. I tillegg kunne studentane finne læringsressursar på nettsida, der to samtalar er filma og også ligg på YouTube.

² Verken fasilitator eller IT-tilsett frå UiB kom inn i dette dokumentet og det var uråd å løyse dette problemet i pilotperioden.

Opplegget

Gjennomføringa av pilot-opplegget vart gjort i tråd med planen. Her inngjekk følgjande fasar:

- gruppemøte 1 (veke 42): introduksjon, presentasjon, drøfting av videocaset og utvikling av læringsmål/spørsmål/problemstillingar
- etterarbeid: individuelle studiar – arbeid med læringsmål/spørsmål/problemstillingar
- gruppemøte 2 (veke 45): utveksling av kva deltakarane no har funne ut som svar på sine spørsmål/problemstillingar og korleis dei no kan forstå situasjonen som vart vist i videocaset
- utarbeiding av eit felles gruppenotat for avsluttande vurdering med frist 25. november
- tilbakemelding frå fasilitator innan 10. desember

Prosjektgruppa hadde planlagt ei avsluttande samling på Flesland 7.-8. desember 2016, der arbeidet med rapporten frå piloten skulle ferdigstillast. Denne samlinga vart utsett til 25. januar 2017. Her vart hovudtrekka i denne rapporten skissert.

Evaluering

Teknisk

Me valde Adobe Connect fordi institusjonane har ulike læringsplattformer og fordi Skype for business viste seg å ikkje vera tilgjengeleg for studentane. Dette førte berre til problem for Høgskolen i Bergen. Adobe fungerte godt i møta saman med fasilitator etter litt innkøying i gruppene, men det var gjentekne problem med lyd fordi nokon av studentane hadde dårleg utstyr og varierende kvalitet på nettverk heime. Ei løysing kan vera å leggja til rette for eigne rom på de respektive campus. Følgjande sitat er dekkande for erfaringane til samtlege fasilitatorer.

Lyden var initialt med masse ekko, men det forsvant da NN tok i bruk headset!

Vi er godt «i siget no»! Fint at det ser ut til å lukkast med nettmøta.

Studentkontakt

Dei viste seg å vera ei større utfordring enn teknikken. Tilgangen på rett epostadresse viste seg å innebera utfordringar, dei sjekkar sjeldan studentmailen sin og me måtte bruke mykje tid på å opprette kontakt. Fasilitatorar som hadde problem med å få kontakt med studentane sine, valde å bruke sms for å opprette kontakt. Dette var effektivt og me vurderer om automatisk utsending av sms kan takast i bruk. Det er gjennomgåande tilbakemelding frå gruppene om for dårleg informasjon i forkant:

Utfordringen for noen var dårlig informasjon i forkant av prosjektet. Noen fikk ikke informasjon om temaet fra egen skole, og fikk plutselig en e-post med informasjon av prosjektleder om hva dette prosjektet gikk ut på, noe som gjorde at det var utfordrende å forberede seg på forhånd. Men alt i alt har dette vært vellykket, og vi tror vi alle har fått mye ut av prosjektet.

2 studentar meldte fråfall før oppstart og 3 studentar trakk seg underveis. I tillegg var det problem med mangelfull deltaking på nettmøta i 3 av gruppene. Disse 5 studentane deltok likevel i samskriving av gruppenotat. Dette ble eit problem i forhold til godkjenning av kurset der deltaking på 2 nettmøter er eit krav i tillegg til gruppenotatet. I piloten har me likevel vald å godkjenne for dei 5 som berre delvis deltok i nettmøta.

Fagleg innhald

Det handla mest om korleis yrkespersonane snakka over hovudet på Anne.

Studentene hadde mange innspill og synspunkt på videoen og var aktive.

Å ta utgangspunkt i videocaset om «Anne» viste seg å generere gode refleksjonar og diskusjonar. Vi valde å ha sterkt fokus på brukaren sin situasjon i caset og dette har hatt ynskt effekt slik denne gruppa peiker på: «Gjennom prosjektet har vi blitt mer bevisste på hvordan en best kan ivareta og utvikle et godt samarbeid mellom profesjonene, pasienten og hans/hennes interesser.»

Nokre av studentane (mellom anna tannlege, tannpleie og radiograf) hadde problem med å identifisere seg med videocaset fordi det ikkje vart erfart som relevant i høve eigen profesjon, men med hjelp av fasilitator klarte dei «å løfte blikket» frå den konkrete situasjonen og bidra generelt og prinsipielt i drøftinga om tverrprofesjonelt samarbeid med brukaren i sentrum.

Oppgåveinstruksjonen bør i enda større grad konkretiserast og vektleggja refleksjonar. Det må leggjast til rette for eit nettmøte til – dette ekstra nettmøtet må vera meir student- enn fasilitatorstyrt. Det var litt dårlig samanheng mellom læringsutbyttebeskrivinga, oppgåveformulering og basislitteratur. Her må det gjerast ei justering for neste gjennomføring.

Gruppedynamikk

Veileder treng «å vere på hogget» i starten. Alt er nytt og ukjent, ein kjenner ikkje kvarandre, og heller ikkje arbeidsmåten. Studentane er interesserte.

Fasilitator si rolle viste seg å vera meir aktivt deltakande enn me hadde trudd. Studentane kjente kvarandre ikkje frå før. Det digitale møterommet med så mange deltakare var ein ukjent arena og teknikken tillot berre ein å snakka av gangen. Dette gjorde fasilitator i stor grad til både gruppe- og møteleiar. Det ligg nokre føringar i strukturane som krev at fasilitator er svært bevisst på eiga rolle og etter kvart overlet ansvaret til studentane. Når me trekker oss litt attende, kan det gå slik en fasilitator oppsummerer: «Kjempegøy og veldig aktiv gjeng som stort sett styrte seg selv»

Studentar og fasilitatorar er samde om at opplegget må utvidast til minimum 3 nettmøter. Dette vil ikkje føre til auke i kostnadane fordi fasilitatorane ikkje treng å delta gjennom heile møtet, berre få dei godt i gang.

Tilbakemeldingane frå fleirtalet av studentane viste at det blei for lang tid mellom nettmøta:

Når det gjelder hva som kunne vært gjort bedre mener vi at prosjektet kunne strukket seg over en kortere tidsperiode. På den måten hadde det ikke blitt så stor avstand mellom møtene og samtalen mellom deltakerne kunne vært preget av bedre kjemi.

Dei melder også at tidsramma for hele TPS-emnet med nettmøter, samskriving og innlevering (6 veker) var for lang. Ein av fasilitatorane som var invitert inn i samskrivingsdokumentet, fortel om stor aktivitet umiddelbart etter nettmøta med ein lengre pause og så stor aktivitet rett før innlevering. Alle leverte notatet; ei gruppe måtte purres på.

Fasilitatorene si erfaring er at kommunikasjonen på nett i så store grupper fungerte betre enn venta. Gruppene var i varierende grad aktive og opne etter at dei var satt i gang av fasilitator. I andre nettmøtet var aktiviteten preget av større sjølvstendigheit, dei la fram for kvarandre eigne arbeid og kommenterte. Ein fasilitator var «(..) imponert over hvor godt forberedt de var!!!» I det andre møtet ble studentane meir produkt- enn prosessorientert. Prosjektgruppa ser på samhandlingsprosessen som heilt sentral for læringsutbyttet i emnet og vil tilretteleggja for at aktiviteten blir leda endå meir mot prosess ved neste gjennomføring.

Ei studentgruppe oppsummerer med at «(..) diskusjonen innad i gruppen har vært produktiv og samarbeidet godt.» Ei anna gruppe slik: «I gruppen vår har vi hatt et godt samspill og god dialog over nettet og alle har bidratt.» Studentane var nysgjerrige på kvarandre sin profesjon og syntest det var spennande å møte andre studentar: «Det å få arbeide på tvers av profesjoner og institusjoner har tilført gruppen ulike synsvinkler, meninger og tolkninger. Noe vi i gruppen mener er viktig.» Studentane evaluerer i stor grad piloten som «lærerik», «spennende», «nyttig» og meiner dette er «viktig erfaring for framtidig yrkesutøving». Dei kommenterer også at dei var «overrasket over at kommunikasjonen fungerte så godt» i eit nettmøte med så mange deltakare. Samtidig understreker dei at gruppene ikkje bør vera større. Dei ynskjer seg eit innleiande meir uformelt nettmøte for å bli kjent før dei byrjar med sjølve oppgåva. Ein student formidla det som «ubehagelig å kommunisere med fremmede mennesker over internett.» Me kan ikkje utelukka at fråfallet me har hatt, kan ha liknande årsaker.

Det denne gruppa melder attende var ei felles erfaring:

Møtene vi hadde over videooverføring gikk ryddig for seg, bortsett fra noen tekniske utfordringer. Vi kan se for oss at en slik samarbeid, spesielt i forhold til

bruk under utdanning. Da må det bli lagt litt mer til rette, ellers vil de forskjellige timeplanene og forskjellige tidspunkt for eksamener kunne være til et hinder og gjøre det vanskelig å finne tidspunkt som passer alle parter.

Ulike opplegg ved dei ulike institusjonane må på sikt samordnast i nokon grad, slik at det for eksempel ikkje er obligatorisk undervisning ettermiddagar i 2 fastlagde veker eller liknande. Dette må drøftast vidare. Studentar som var i praksis synte seg å ha så fleksible ordningar at dette ikkje vart problematisk.

Piloten viser oss

- det er godt mogeleg å realisere tverrprofesjonell samarbeidslæring på tvers av institusjonar sjølv med geografiske avstandar ved bruk av nettundervisning/nettmøter
- at tilrettelegging for nettbasert TPS krev
 - eit presist fagleg opplegg
 - presis informasjon til studentar (som når fram)
 - ein kontaktperson ved kvar institusjon/utdanning som er ansvarleg for å rekruttere studentar, og som har ansvar for at studentane får nødvendig introduksjon til dei digitale verktøya
 - godt førebudde fasilitatorer, som er kjende med dei digitale verktøya og med gruppearbeid på nett
 - felles IT-støtte for å leggje inn deltakarane i lukka grupperom og for evt. justeringar av open nettstad
 - lokal IT-støtte for evt. individuelle problem med tilgang til netttromma og for introduksjon til programvara som blir brukt
 - eit sentralt koordinerande ledd for å setje saman grupper – ved eit storskala/fullskala opplegg bør dette skje maskinelt
 - eit sentralt koordinerande fagleg ledd som er samlande og for å bygge opp og vedlikehalde fellesskap i eit fasilitatorkorps

Det vi ikkje har fått prøvd ut i denne piloten er administreringa av eit storskala/fullskala opplegg, der gruppeinndeling må skje maskinelt og der det kan oppstå logistiske problem ved innpassing av einheten i dei enkelte utdanningane sine fagplanar.

Vegen vidare – Pilot 2

Erfaringane med Pilot 1 er så positive både frå studentar og fasilitatorar sine perspektiv at prosjektgruppa anbefaler at arbeidet held fram og utviklast vidare etter følgjande plan:

Vidareføring av Emne 1

Emne 1 gjennomførast på nytt for 2. semesters studentar våren 2018. Antal grupper må aukast til minst 24 (140-150 studentar) for å vinne erfaring med logistikken knytt til eit større antal grupper

og studentar. Prosjektgruppa gjer dei nødvendige justeringane i planen for emnet med nokre endringar i oppgåveformulering, pensum og antal nettmøte.

Prosjektgruppa held fram som fasilitatorar for kvar si gruppe og tek ansvar for å veilede kvar sin nye fasilitator frå eigen institusjon. Alle institusjonane i samarbeidet må rekruttere ein ny fasilitator. Dei nye vil få ansvar for 2 grupper kvar. Dette arbeidet er berekna til 10 timer pr gruppe. I tillegg vil det vere naudsynt med tid til opplæring som fasilitator med ein felles kursdag. Det bør også bereknast ein felles dag til oppsummering og erfaringsdeling. Dette må inngå i den einskilde sin arbeidsplan ved eigen institusjon.

Meirkostnadane er knytt til opplæringa av dei nye fasilitatorane og går fram av vedlagde budsjett. Prosjektgruppa er einige om at fortsatt deltaking av studentar i TPS i Vest, legg til grunn at institusjonen også deltek med fasilitatorar i eit antal som står i forhold til antal studentar.

Opplæring av fasilitatorar må skje i løpet av hausten 2017. Prosjektgruppa vil samarbeide med IT-kontoret ved HVO for å gjennomføre opplæringa.

Utvikling av Emne 2

I tillegg til å gjennomføre emne 1 med ei større gruppe og starte arbeidet med rekruttering og opplæring av nye fasilitatorar ønsker prosjektgruppa å pilotere Emne 2 «Ethiske utfordringar ved tverrprofesjonell samhandling» for ei mindre gruppe 3. semesters studentar hausten 2017

Her ser me for oss tilsvarande antal grupper som i pilot 1. Me ønsker å prioritere dei studentane som var deltakarar i den fordi dei allereie har kjennskap til Adobe Connect, har gjort seg viktige erfaringar om interaksjon og kommunikasjon i større nettmøter og har brukt samskrivingsverktøy. Dette er også i tråd med den opprinnelege planen om at studentane på sikt skal gjennom alle tre emna i opplegget og vil ha med seg både fagleg og digital kunnskap og kompetanse over frå emne til emne («Prosjektplan for nettbasert Tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest», 12.januar 2016).

Me vil vidareutvikle planen for emne 2, men legg Prosjektplanens emnebeskrivelse til grunn:

Etiske utfordringar ved tverrprofesjonell samhandling

Oppstart: 2. studieår (for tre-årige utdanningar), 3. semester
Varighet/omfang: To nettmøter og ca. 1 veker arbeidsinnsats, fordelt over fire veker
Studiekrav: ja

Læringsutbytte:

Etter arbeid med denne delen skal du kunne

Kunnskap:	<ul style="list-style-type: none">- <i>Prinsippa for teieplikt (taushetsplikt) og vite korleis tverrprofesjonell samhandling kan føregå innafor dette regelverket</i>- <i>Grunnlaget for teamarbeid</i>
Ferdighet:	<ul style="list-style-type: none">- <i>Delta i tverrprofesjonell samhandling der den eller dei samhandlinga gjeld inngår som partner</i>
Generell kompetanse:	<ul style="list-style-type: none">- <i>Ivareta integriteten for dei det gjeld i tverrprofesjonelle samhandlingssituasjonar</i>- <i>Vere merksam på etiske dilemma i teamarbeidssituasjonar og delta ut frå etiske prinsipp</i>

Innhald:

- Teamarbeid – prinsipp og konkret gjennomføring
- Den det gjeld si rolle og medverknad i samarbeidsrelasjonar
- Teieplikt (taushetsplikt) og opplysningsplikt – i samarbeidsrelasjonar
- Makt - og konflikthåndtering i gruppesituasjonar

Oppgåve: Videosnutt frå eit ansvarsgruppemøte, der den det gjeld er med. Eksempel:

Bufelleskap
<i>Per, 26 år, psykisk utmeklingshemma rullestolbrukar som kan gå med ekstra hjelp, har nettopp fått seg eiga leilighet i bufelleskapet. Foreldra er urolege for korleis dette skal gå. Han har lett for å falle, og for fire veker sidan braut han eine foten. Kan dei vere trygge på at han skal kunne fungere her? Kva hjelp får han?</i>

Oppgåveinstruksjon:

Første nettmøte:

Analysere situasjonen, kva kan dei ulike yrkesgruppene bidra med her? Korleis var samspelet med denne familien i dette møtet? Gruppa utkrystalliserer spørsmål/problemstillingar som dei treng å finne meir ut om, og legg plan for korleis kvar og ein vil gjere dette.

Mellomperiode: Kvar og ein arbeider med litteratur og andre kjelder for å finne svar på desse problemstillingane.

Andre nettmøte: Kvar og ein deler dei funna dei har gjort og gruppa trekkjer dette saman – oppsummerer kva gruppa no, samla sett, veit om fenomenet 'tverrprofesjonell samhandling', kva dei ulike yrkesgruppene bidrar med og korleis den/dei det gjeld si rolle er i slik samhandling.

Etter møtet: Skrive gruppenotat og lever innan gitt frist. Oppdrag:

- 1, oppsummering av kva ein no har lært om praktiske og etiske utfordringar i tverrprofesjonell samhandling
- 2, kva ein har erfart om samhandlinga i gruppa

Arbeidsform: To nettmøter i grupper á átte deltakarar og ein fasilitator. Ytterlegare nettmøter etter behov og ønskje, utan fasilitator. Samskriving på gruppenotat, sjølvstudier.

Organisering: Nettgrupper sett saman på tvers av institusjonar og utdanningsretning.

Basilitteratur: Eksempel:

Willumsen, E. (2009). *Tverrprofesjonelt samarbeid i praksis og utdanning*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap 4 og 9


Orvik, A. (2015). *Organisatorisk kompetanse. Innføring i profesjonskunnskap og klinisk leiing*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk . kap. 2 og 10

Læringsressursar: Lenker til aktuelle artiklar, nettstader og tidsskrift, videoførelesingar og videoopptak med ressurspersonar.

Vurdering: Godkjenning av og tilbakemelding på gruppenotat frå fasilitator.

På bakgrunn av erfaringane frå emne 1, vil planen bli endra frå 2 til 3 nettmøter. Oppgåveteksten og val av pensum vil også bli justert. Caset kan bli endra for å inkludere faglege utfordringar for yrkesgrupper som hadde problem med å identifisere seg med caset frå emne 1. På bakgrunn av den vellukka videoproduksjonen frå emne 1, vil det bli laga ein ny film i samarbeid med Unicom. Bente Hasle er villig til å leie arbeidet med utvikling av dette materiellet som del av sin FOU-ressurs ved HVO.

I tråd med munnlege avtalar med Gerd Bjørke vart Sissel Johansson Brenna (HVL) og Bente Hasle (HVO) prosjektmedarbeidarar med noko meir ansvar enn dei andre medlemmane i arbeidsgruppa. Gruppa ønsker at Unni Uren Aasen (HVL) blir ny prosjektleiar, men det kan vere aktuelt at nytt arbeidsgruppemedlem frå campus HSH kan ha denne funksjonen fordi dei har ein ansvarleg frå IT i forhold til nettsida og andre IT-funksjonar. Me syner til organiseringa av prosjektet i fullskala slik det vart skissert og omtalt i «Prosjektplan TPS i Vest» (2015:16)



Noverande TPS-arbeidsgruppe er foreslått som referansegruppe for prosjektet. Den daglege leiinga av prosjektet er foreslått med ein «vertsinstitusjon» som har både ein *prosjektleiari* «emneansvarleg» og ein *IKT-ansvarleg*, og at i denne prosjektleiinga så inngår det også to *prosjektmedarbeidarar/ansvarlege* frå to andre av institusjonane.

Det er nødvendig på sikt å gjennomarbeide denne modellen, ikkje minst på grunn av fusjonane innan UH-nettVest. I forbindelse med Pilot 2 i TPS i Vest som me foreslår, ynskjer me at arbeidsgrupped medlem som kjenner prosjektet godt og har erfaring som fasilitatorer, inngår i sentrale funksjonar. Brenna og Hasle gjer avtalar internt om arbeidet inngår i FOU-tida eller om ein vert fristilt frå andre oppgåver. Prosjektleiari må verta frikjøpt slik det vart gjort med prosjektleiinga av pilot 1. Fordi denne vidareutviklinga inneber meir arbeid enn Pilot 1, er det lagt til grunn eit beløp på 200.000 til prosjektleiing.

For Pilot 2 legg me til grunn at den einskilde institusjon på ulike vis dekkjer lønnsutgiftene for dei nye fasilitatorane og ei lita auke i behovet for IT-støtte og koordinering. Meirkostnadane ved Pilot 2 er knytt til opplæringa av dei nye fasilitatorane, frikjøp av prosjektleiari og produksjon av nytt videocase og anna læremateriell i tråd med følgande budsjettforslag:

Budsjettforslag

Budsjett for Pilot 2: Oppskalert Emne 1 og Utvikling og utprøving av Emne 2

Utgifter:	Sum
Fasilitatoropplæring på Flesland - 8 personar	50.000
Arbeidsgruppemøte på Flesland - 8 personar	50.000
Oppsummering/evaluering – arbeidsgruppa + nye fasilitatorar – 16 personar	100.000
Filmproduksjon	40.000
Utvikling av anna læremateriell	20.000
Prosjektleiing	200.000
Eventuelt	40.000
SUM	500.000

For dei 3 første punkta gjeld utgiftene reise og opphald for deltakarane. HVO står for opplæringa av fasilitatorar som eit av sine bidrag til «dugnaden» for TPS i Vest. Det er ikkje lagt inn utgifter til evaluering fordi dette vil inngå i arbeidsgruppa sine FOU-ressursar. Planen for Pilot 2 er mellom anna å nytte skjemaet RIPLS³ ved starten av første og avslutning av siste nettmøte for å kunne gjere ei kvantitativ analyse av studentanes endring i oppfatning av tverrprofesjonelt samarbeid etter gjennomføring av Emne 1 for ei større gruppe.

Avslutning

Arbeidsgruppa for TPS i UH-nett Vest har dei siste åra jobba systematisk med kartlegging og utvikling av tverrprofesjonell samarbeidslæring for heile Vestlandet. Gerd Bjørke sin visjon om å «teppelegge heile Vestlandet med TPS» kan verte realisert gjennom nettbaserte fellesopplegg. Pilot 1 syner at dei pedagogiske utfordringane er mindre enn antatt og at både studentar og fasilitatorar er positivt overraska over moglegheitene for refleksjon, dialog, god kommunikasjon og samskriving i nettbaserte grupper. Studentane beskriver eit godt læringsutbytte i Pilot 1. Erfaringane me har gjort vil også ha stor overføringsverdi til andre studie/emne på tvers av institusjonane i UH-nett Vest. Det er ønskeleg å vidareutvikle prosjektet «Nettbasert Tverrprofesjonell Samarbeidslæring» med å utvida antal studentar som tek del og antal tilsette som kan verte fasilitatorar. I tillegg ønskjer TPS-gruppa å utvikle læringsmateriell til Emne 2 og pilotere det. Også desse nye erfaringane vi gjer oss vil vere nyttige for fleire felt.

Me kan komme langt i utviklingsarbeidet med middel i tråd med vedlagde budsjett og ei framleis entusiastisk arbeidsgruppe.

³ Readiness for Interprofessional Learning Scale -